



**SYKKYLVEN
SKAPARGLÉDE**

Statusrapport mars 2013

Inkludert rapport Bulyst forprosjekt

BAKGRUNN

– FORPROSJEKT BULYST I EIN KONTEKST

STRATEGIPROSESS

Sykylven Næringsutvikling AS er eigd av Sykylven kommune og Sykylven Industri- og næringslag (SINL). Våren 2011 gjennomførte Sykylven Næringsutvikling ein strategiprosess som enda i «Strategi for posisjonering av Sykylven».

Vi starta med ein analyse av ønska situasjon: Korleis vil vi at Sykylven skal utvikle seg? Korleis bør Sykylven bli oppfatta for at vi skal oppnå ønska utvikling?

Til grunn for analysen lå innspel frå folkemøter som allereie var gjennomført i samband med rullering av samfunnsdelen i kommuneplana, samt innspel som kom inn gjennom ein besøksrunde til ca 40 av verksemndene i Sykylven.

Kort oppsummert var innspela frå desse prosessane som følger:

Samfunnsdelen

- Ha gode møteplassar, trivsel og friske folk
- Attraktivt bygdesentrum
- Gode og varierte buminjø
- Attraktivt næringsliv med varierte arbeidsplassar
- Gode kommunikasjoner
- Sykylven skal vere attraktiv

Verksemndene

- Sikre tilføring av kompetanse som kan vidareutvikle verksemndene
- Nyetableringar
- Ein attraktivt stad å busette seg
- Eit attraktivt sentrum med mykje liv og handel

JAKTA PÅ DET UNIKE

Med få unntak er dette målsettingar som kunne vore gjeldande for nesten ein kvar kommune i landet.

Det var derfor naudsint å gjennomføre ein analyse av korleis vi kunne spisse ønska posisjon for Sykylven, og vi gjennomførte derfor «jakta på det unike» (etter mal frå Distriktsenteret sin Omdømeskule ved TIBE PR AS).


Analysen tok føre seg:

Kjenneteikn på tvers av kvar einskild verksemd i kommunen:

Mykje av grunnlaget for at verksemndene i Sykylven har lukkast i marknaden er at dei har høg kompetanse innan å designe og utvikle løysingar. Til dømes møblar som folk i

heile verda vel å ta inn i hjemmet sitt, avanserte trafoløsingar til straumnettet, røyrsystem til oppdrettsnæring og viftesystem til offshorenæringa. Eit heilt spesielt særtrekk ved næringslivet i Sykylven er evnen til å skape produkt for forbrukarmarknaden (møbel). Dette skill seg frå mykje av norsk næringsliv som er «buisness to buisness»-orientert. Forbrukarorienteringa gjennomsyrar sjølv sagt møbelprodusentane, men også det store mangfaldet av underleverandørar knytt til denne bransjen som vi finn i Sykylven, t.d. Sandella (sprøytestøpt skum), Amatec (saumløsingar), Sykylven Stål (stålkomponentar), Møbeltre (treverk inni møblar), LP Riksheim (synlege trekomponentar) m.fl.

Strategiprosess – Sykylven Næringsutvikling AS



Viktige milepæler i lokalhistoria:

Det har vore 111 ulike møbelprodusentar i Sykylven. Ein teori på kvifor ein starta med møbel her er at medan folk langs kysten av Sunnmøre hadde pengar til å emigrere til USA, måtte dei innover i fjordane finne på noko nytt å leve av – dei hadde ikkje råd til å emigrere. Av dette lærer vi at her er ein historisk kultur for å løyse kriser for lokalsamfunnet gjennom å skape noko nytt. Det er og gjort funn frå steinalderen i Sykylven sentrum der ein har funne unike gjenstander som er skapt her.

Kva målgrupper skal vi rette oss mot:

Dei med kompetanse til å vidareutvikle den norsk industrien, dei som har lyst til å nyte kompetansen sin til å starte verksemd i eit sterkt kompetansemiljø innan næringsutvikling og dei som kvar dag går på jobb og skapar noko – anten det er design til ein ny Brunstad-sofa, syr puter til ein Stressless eller utvikler ein ny trafostasjon.



Utvikling av norsk møbelindustri har vore viktig i Sykkylven si historie. Kartet viser alle møbelprodusentane som historisk har vore i kommunen.

Kjelde: Norsk Møbelfagfag senter.

Kva for assosiasjoner treng vi at målgruppene har til Sykkylven:

Her er eit miljø kor nye idear veks fram, men samstundes evner ein å sette ideane i system og utvikle dei på tvers av fagdisiplinar til gode produkt, ein tenkjer framtidsretta og er med å forme trendane (spesielt innan interiør), ein handlar internasjonalt og er opptekne av kvalitet i alle ledd av verdikjeda. Samstundes har vi behov for å synleggjere i lokalsamfunnet meir av det spanande som skjer på innsida av industribygga.

Med bakgrunn i denne analysen konkluderte vi med ein posisjon som Sykkylven skal ta. Ein posisjon handlar om å gi eit truverdig løfte til målgruppene. Posisjonen må kommunisere noko av sjela til Sykkylven, samstundes som den gir kraft til ny utvikling. Den er i utgangspunktet ikkje meint som eit slagord, då eit slagord kan vere eit av kommunikasjonstiltaka for å ta posisjonen.

VALT POSISJON

- Posisjonere Sykkylven som kommunen der **løysningar blir designa og utvikla**.
- Kommunen med **SKAPARGLÉDE**.
- Eit **interessant miljø** å bli del av eller bistå.

Kortversjon:

Sykkylven = SKAPARGLÉDE

Når målgruppene tenkjer på Sykkylven, skal det dukke opp ulike fasettar av SKAPARGLÉDE på netthinna. Dette er ein positiv assosiasjon som legg grunnlaget for at målgruppene i endå større grad vil investere sin tid, kompetanse og kapital i den utviklinga vi ønskjer. Resultata viser at vi allereie er på


veg (sjå eget kapittel om handlingsplan og resultat).

Sykkylven har 7664 innbyggjarar og 3921 arbeidsplassar. Av desse er 44,4 % i industrien, mot eit landsgjennomsnitt for norske kommunar på 10,6 %. Næringslivet er med andre ord ein svært viktig faktor i den lokale utviklinga av Sykkylven. Skal kommunen oppleve ønska utvikling, må moglegheitene og utfordringane for næringslivet her takast på alvor i utviklingsarbeidet. Sett i lys av dette opplev vi SKAPARGLÉDE-posisjonen som riktig, då den fanger opp i seg fundamentet for næringsaktiviteten. Samstundes er den ikkje avgrensa til kun næringslivet, men seier også noko om det Sykkylven står for innan kunst, musikk, kultur, idrett, handel, utdanning – ja, nær sagt heile folkesjela lokalt.

FORANKRING

Mykke viktig forankring blei gjort i prosessen fram til endeleg ordlyd i posisjonen, mellom anna gjennom tett dialog med viktige aktørar i næringslivet som posisjonsvalet blei testa på.

Som del av plana Sykkylven Næringsutvikling fekk bulystmidlar til frå Møre og Romsdal fylkeskommune og Kommunal- og regionaldepartementet, vart det gjennomført ei kartlegging blant bedriftsleiarane i Sykkylven. Dette var ei viktig kartlegging for å avdekke om forankringa av posisjonen var god. Kartlegginga blei gjennomført om lag eit halvt år etter at posisjonen var lansert i ulike fora. Resultatet blei som følger:



Grunnjevingar

Kultur og tradisjon tilseier at dette bør vere melodien Ja, men vi må vise skaparglede gjennom handling.

Jeg var litt skeptisk til å begynne med, men har blitt mer og mer positiv til at skaparglede er riktig for Sykkylven. Vi er ei bygd som har mye vareproduksjon og i forhold til næringslivet og samfunnet ellers er ordet skaparglede noe som kan føyes og brukes i mange sammenhenger og som gir en positiv assosiasjon når en uttrykker det. Skaparglede er heller ikke et ord som er "oppbrukt".

Vi har mykje industri som er både nytenkande og produktiv.

Ja, dette bør verte eit marknadsføringsord framover for mange. Eit godt uttrykk.

Engasjement og tru. På framtid.

Det meste ligger til rette for å bygge opp under skaparglede. Skole utdanning, industri og politisk

Det forutsetter at det gjenspeiler seg praksis Omgivelsene utvendig rundt eget hus taler sitt klare språk

Viktig for de som bor og de som vurderer å bo i kommunen.

Det er en positiv assosiasjon, som vi kan stå for. Den er relevant i forhold til hva Sykk er og hva Sykk vil være.

Design og møbel er viktig for Sykkylven. Vi treng at unge som vokser opp skal føle skaparglede.

Eg trur skaparglede gir gode resultater og interessant arbeidsplasser.


Skaparglede er ikke nok. Vi må styrke eksisterende bedrifter gjennom innovasjon, design og industrialisert produksjon.

Svara er gitt på ein skala frå 1-5 (svaralternativ «-1» er «veit ikkje») Grafane viser at posisjonen raskt blei godt forankra. Berre ein respondent ga dårligare skår enn 4. Vi spurte og om grunngjeving for skåren kvar einskild ga:

Den nedarste grunngjevinga er frå respondenten som ga 2 i skår. Svaret viser at vedkomande er einig i innhaldet i SKAPARGLEDE-posisjonen, men hadde ikkje oppfatta linken til innovasjon, design og industrialisert produksjon. Dei øvrige svara viser ein veldig sterkt tilhørigheit til val av posisjon, noko som er resultatet av ein tidleg og målretta forankringsprosess knytt til posisjonen. Den viktigste formen for forankring var å tidleg synleggjere konkrete utviklingsresultat lokalt knytt til at posisjonen vart vedteken.

Dei formelle vedtaka av posisjonen vart gjort i styret til Sykkylven Næringsutvikling AS, årsmøtet til Sykkylven Industri- og næringslag og i vedtak av ny samfunnssdel i kommuneplana i Sykkylven kommunestyre.

SKAPARGLEDE-posisjonen er førande for vedteken samfunnssdel:



IDENTITETS- OG OMDØMEKARTLEGGING

Sykkylven Næringsutvikling AS gjennomførte februar 2011 ein skreddarsydd identitets- og omdømekartlegging basert på valt posisjon.

Gjennom kartlegginga ønska vi å få innsikt i korleis sykkylvingane såg på eigen kommune (identitet) og korleis omverda oppfatta Sykkylven (omdøme). I dette tilfellet valgte vi å gjennomføre omdømekartlegginga på Sunnmøre (eks Sykkylven) for å treffe respondentar som var kvalifisert til å gi svar

vi kunne nytte vidare. Vi la til grunn ein hypotese for det vidare arbeidet med å posisjonere Sykkylven at kjennskapen ut over Sunnmøre er avgrensa.

Norstat gjennomførte kartlegginga gjennom telefonintervju med 200 respondentar i Sykkylven og 300 respondentar elles på Sunnmøre. Dette ga oss eit overordna bilde av kva posisjon Sykkylven hadde.

Ukjulpne assosiasjonar

Kva for «ukjulpne assosiasjoner» folk hadde vil Sykkylven var det første vi ønska å avdekke i kartlegginga:

Identitet:
Natur og ulike dimensjonar av tilhørigheit
Omdøme:
Møbel og Ekornes

Viss vi oppsummerer dei kvalitative svara, ser vi at det første sykkylvingane tenker på ved Sykkylven handler mykje om natur og ulike dimensjonar av tilhørigheit («kommunen eg kjem frå», «verdas beste kommune» o.l.). Medan omdømet er prega av assosiasjonar knytt til møbel og Ekornes – noko som er to sider av same sak. Det interessante er den store skilnaden mellom identitet og omdøme, og at omdømet er så sterkt knytt til næringsaktivitet. Dette gir oss ei utfordring i å synleggjere skapargleda for eigne innbyggjarar, og det gir oss eit solid grunnlag å kommunisere på til ei omverd som allereie assosierer Sykkylven med det som skapast her.

Positiv/negativ?

Vidare ønska vi å kartlegge om sykkylvingane og omverda hadde eit grunnleggande positivt eller negativt inntrykk av Sykkylven. At til dømes omverda assosierer Sykkylven med møbel seier ingenting om dette er positivt eller negativt, så vi trengte ei innput på kva kjennslemessig retning bildet av Sykkylven hadde.

Vi stilte eit skalert spørsmål (skala 1-5) om opplevd stoltheit av å kome frå Sykkylven i identitetskartlegginga og eit skalert spørsmål om omverda hadde eit positivt inntrykk av Sykkylven i omdømekartlegginga. I tillegg ba vi om grunngjeving av skåren:

Identitet:
Stolt: 78 % (skår 4 og 5)
Begrunnelser dårlige skår:
• Kommer ikke herfra opprinnelig
Begrunnelser gode skår:
• Industri, arbeidsplasser, næringsliv, natur, driftighet
Omdøme:
Positivt inntrykk: 76 % (skår 4 og 5)
Begrunnelser dårlige skår:
• Ukjent med kvalitetene
Begrunnelser gode skår:
• Næringsliv, flinke folk, fint/natur/ski

Sykylvingane er stolte av å kome frå Sykylven og omverda har eit positivt inntrykk av Sykylven. Sykylvingane som gir därleg skår grunngir dette med at dei opprinnleig ikkje kjem herfrå, det er ei akseptabel grunngjeving. Og lik eins blir därlege skår i omdømekartlegginga grunngjeven med at ein er ukjent med kvalitetane i Sykylven – det er også ei komfortabel grunngjeving kontra at ein til dømes hadde hatt ei bestemt, negativ oppfatning.

Grunngjevnadene for gode skår har likeheitstrekk i begge kartleggingane: Industri, næringsliv, arbeidsplassar, natur – og, ikkje minst, det med driftigkeit og flinke folk! Dette gir oss også eit godt utgangspunkt for å ta ønska posisjon: Næringsliv, driftigkeit og flinke folk er ein viktig del av skapargleda.

Interessante jobbmøglegheiter

Kor vidt Sykylven assosierast med interessante jobbmøglegheiter er også ein viktig del av skaparglede-posisjonen, ikkje minst med tanke på målet hos verksemndene om å tiltrekke seg kompetanse som kan bidra til vidareutvikling:

Identitet:	I hvilken grad forbinder du Sykylven med (% skår 4 eller 5):
Interessante jobbmuligheter: 55 % (skår 4 og 5)	<ul style="list-style-type: none"> Attraktiv natur: 98 % Design: 72 % Teknologi: 60 % Skaperglede: 85 % Industri: 98 % Møbel: 96 % Trivsel: 80 % Handel: 30 % Nytenking: 54 % Mye som skjer: 31 % Kompetanse: 68 % Attraktivt sted å bo: 84 % Mange møteplasser hvor du kommer lett i kontakt med folk: 18 %
Omdøme:	I hvilken grad forbinder du Sykylven med (% skår 4 eller 5):
Interessante jobbmuligheter: 36 % (skår 4 og 5)	<ul style="list-style-type: none"> Attraktiv natur: 84 % Design: 67 % Teknologi: 46 % Skaperglede: 75 % Industri: 89 % Møbel: 97 % Trivsel: 64 % Handel: 34 % Nytenking: 56 % Mye som skjer: 21 % Kompetanse: 63 % Attraktivt sted å bo: 49 %

Samanlikna med andre distriktskommuner er dette eit svært godt resultat. Dagleg leiar i Sykylven Næringsutvikling AS er innleidd frå TIBE PR som har gjennomført ei rekke slike kartleggingar for kommunar. Mange distriktskommunar kjem ned på 7-15 % skår 4 og 5 på dette spørsmålet. Samstundes når ikkje resultatet opp mot leiande næringslivskommunar som Stavanger, som i sine kartleggingar kjem opp mot 85-90 % på dette spørsmålet.

Mest interessant er likevel grunngjevngane – på godt og vondt. Vi ser det same mønsteret i grunngjevingane både til sykylvingane og omverda: Gode skår er grunngjeven med variert industri og mange arbeidsplassar, medan därlege skår er grunngjeven med einsarta industri og at møbel ikkje er interessant – med andre ord, det kjem an på augo som ser!

Med tanke på skaparglede-posisjonen og målet om å tiltrekke kompetanse til verksemndene er dette resultatet eit viktig varsku: Vi må lukkast betre i å formidle kva for spa-

nande kvalitetar møbelbransjen står for, og vi må lukkast i å bygge endå fleire interessante kompetansemiljø knytt til denne bransjen. Dette er ikkje berre ei utfordring for Sykylven, men vel så mykje for nasjonen – dersom vi ønskjer å ha denne typen industri her til lands. Viss Sykylven i så måte er del av eit nasjonalt problem, kan vi også bli del av den nasjonale løysinga. Dette kjem vi attende til.

Hjulpne assosiasjonar

Til slutt ønska vi å sjekke ut nokre «hjulpne assosiasjonar» til Sykylven. Vi testa ut kor vidt respondentane assosierer Sykylven med nokre omgrep som ga oss nyttig input til arbeidet med å legge ein strategi med handlingsplan:

Identitet:	I hvilken grad forbinder du Sykylven med (% skår 4 eller 5):
Interessante jobbmuligheter: 55 % (skår 4 og 5)	<ul style="list-style-type: none"> Attraktiv natur: 98 % Design: 72 % Teknologi: 60 % Skaperglede: 85 % Industri: 98 % Møbel: 96 % Trivsel: 80 % Handel: 30 % Nytenking: 54 % Mye som skjer: 31 % Kompetanse: 68 % Attraktivt sted å bo: 84 % Mange møteplasser hvor du kommer lett i kontakt med folk: 18 %
Omdøme:	I hvilken grad forbinder du Sykylven med (% skår 4 eller 5):
Interessante jobbmuligheter: 36 % (skår 4 og 5)	<ul style="list-style-type: none"> Attraktiv natur: 84 % Design: 67 % Teknologi: 46 % Skaperglede: 75 % Industri: 89 % Møbel: 97 % Trivsel: 64 % Handel: 34 % Nytenking: 56 % Mye som skjer: 21 % Kompetanse: 63 % Attraktivt sted å bo: 49 %

Vi ser av resultata at Sykylven vert assosiert med viktige element som vi kan knyte til i ein skaparglede-posisjon: Design, delvis teknologi, skaparglede, industri, møbel, delvis nytenking og kompetanse. Vi ser også at Sykylven skårer høgt på natur, trivsel og attraktivt sted å bo, noko som er viktige tilleggsdimensjonar for å utvikle seg til ein fullverdig bustad, og som gir eit interessant grunnlag for skaparglede-bulyst (det kjem vi attende til i kapittel om handlingsplan og resultat).

Samstundes får vi auge på nokre viktige utfordringar for Sykylven som fullverdig bustad. Vi skårer for lavt på handel, mykje som skjer og identitetsspørsmålet om mange møteplasser kor du kjem lett i kontakt med folk. Det vil sei at vi gjennom assosiasjonene avdekker eit grunnlag som vi kan bygge ska-

parglede-posisjonen vidare på, samstundes som vi også avdekker nokre viktige utfordringar som vi må ta høgde for i handlingsplana.

HANDLINGSPLAN OG RESULTAT

Basert på val av posisjon og det bilde av nosituasjon som vi fekk gjennom kartleggingane laga Sykylven Næringsutvikling eit forslag til handlingsplan. Handlingane vil ikkje kunne lukkast dersom Sykylven Næringsutvikling AS prøver å sette dei i verk på eigenhand, derfor blei forslag til handlingsplan og moglege tiltak presentert og drøfta med fleire sentrale aktørar i og utanfor lokalsamfunnet, mellom anna Sykylven kommune, Sykylven Industri og Næringslag, Sykylven handelsforening, Sykylven vidaregåande skule, Sykylven kulturskule, Distriktsenteret og Møre og Romsdal fylkeskommune. Kort oppsummert var stemninga god blant aktørane for å få til ei rekke av tiltaka som vart foreslått i plana, noko som då også har gitt mange resultat vi er godt nøgde med.

HANDLINGSPLAN: 10 PROSJEKT FOR SKAPARGLADE

Strategien bak handlingsplana var at kvar einskild av dei 10 prosjekta skulle innehalde ulike delprosjekt som bidrar til å utvikle nye, reelle stedskvalitetar i Sykylven – samstundes som ein lukkast i å kommunisere utviklinga til målgruppene.

På den måten vil aktivitetane i kvart prosjekt i sum bidra til å gi Sykylven ønska posisjon – over tid.

Det var også viktig å legge inn nokre «quick wins» som gjorde at folk fort fekk augo opp for at dette var ein fruktbar posisjoneringsstrategi. Ønska effekt var at aktørar i lokalsamfunnet sjølv skulle kome opp med gode idear om tiltak som bidrar til å ta skaparglede-posisjonen – ein slik effekt kom fort.

10 prosjekt for SKAPARGLADE:

1. SKAPARGLADE som omdøme
2. SKAPARGLADE gjennom nyetablering og vidareutvikling
3. SKAPARGLADE og utvikling kommunale tenester
4. SKAPARGLADE i skulen
5. SKAPARGLADE, kultur og næring
6. SKAPARGLADE og naturen
7. SKAPARGLADE og reiseliv
8. SKAPARGLADE i sentrums og bygdeutviklinga
9. Infrastruktur for SKAPARGLADE
10. Open post

OPPSUMMERING RESULTAT OG ERFARINGAR

JANUAR 2011-MARS 2013

Prosjekt 1: SKAPARGLADE som omdøme

Dette er eigentleg ikkje skilt ut som eit prosjekt, for omdømet og ønska posisjon byggast gjennom summen av alle dei andre prosjekta. Når dette likevel ligg i plana som eit eget prosjekt, er det nokre årsakar til det:

For det første ligg det der som ein kontinuerleg påminning om at alt som utviklast i dei andre prosjekta også må kommuniserast dersom det skal få ønska effekt

For det andre er posisjoneringsarbeidet avhengig av ein del reine kommunikasjons-tiltak (Facebook, heimeside, logo etc) som soknar til dette prosjektet

For det tredje har Sykylven allereie ein god del kvalitetar som ein må lukkast betre i å kommunisere (jfr mellom anna resultatet om interessante jobbmoglegheiter i kartleggingane):

Det handlar om å formidle det spanande mangfaldet av arbeidsmoglegheiter som er i næringslivet i Sykylven

Det handlar om å synleggjere at Sykylven sitt på mykje kompetanse innan møbel i dag – det skal vi også gjere i framtida, samstundes som miljøet her er open for å nytte kompetansen i fagmiljøet også på heilt andre område

Det handlar om å formidle at ein i «lille» Sykylven finn eit verdsleiande miljø innan utvikling av design, at ein har verdsleiande miljø innan å utvikle funksjonalitetet – anten det er i trafofasjonar eller stolar – og at ein her er eit fagmiljø som evnar å utvikle høgaste kvalitet i alle ledd av verdikjeda.

Det handlar om at ein i Sykylven kan



vere med på å vidareutvikle nokre av verdas leiande produksjonssystem (t.d. automasjon og robotar)

Resultat: [Skaparglede.no](http://www.skaparglede.no)

www.skaparglede.no er utvikla gjennom banebrytande bildeteknologi for internett av sykkylvsgründeren Arild Solberg. Sida er bygd opp slik at du kan dra på ei virtuell reise gjennom kommunen i bilde som lett lar seg nytte sjølv på 3G-nett på telefon eller nett-brett. Fase 1 av prosjektet er gjennomført: Etablere grunnlaget. Vi er i gong med fase 2: Legge inn punkt for verksemndene i Sykkylven, slik at du kan besøke dei virtuelt – då gjerne gjennom 360-graders foto, slik som er lagt inn for Furnia, Cylindra og Din Stil. I fase 3 ønskjer vi å legge inn tilsvarende oversikt over fritidstilbodet i kommunen. Dette er noko som spesielt er etterspurd av dei mange frå utlandet som kjem til Sykkylven for å jobbe her.

Startbilde på www.skaparglede.no:



Opninga av skaparglede.no fekk stor merksemd:



(Faksimile Sykkylvsbladet)

Nettsida har i perioden november 2011 til mars 2013 hatt 605.000 sidevisninger! Skaparglede.no er også eit tiltak som tilhører prosjektet «Skaparglede og naturen», då fase 1 av prosjektet er eit døme på kreativ, skapande bruk av den spektakulære naturen i Sykkylven.

Facebookside

«Skaparglede i Sykkylven» er oppretta som Facebookside og har 160 likes, mellom anna fleire sentrale politikarar frå Møre og Romsdal, som då kan følge utviklinga gjennom oppdateringar på sida.

Kommunen si heimeside

Sykkylven kommune har fulgt opp gjennom å synleggjere skaparglede-bodskapen på si heimeside i ulike samanhengar:



Media

Prosjekt SKAPARGLDE i Sykkylven har vore interessant for media i fleire samanhengar: Sunnmørsposten i samband med oppstartern av posisjoneringsarbeidet og vedtak av samfunnsdelplan. ►

Sykkylvsbladet i samband med tildelinga av Bulystmidlar til forprosjekt:



SKAPARGLDE skal bli det nye ordet som beskriver Sykkylven, sier Harald Espeland t.v. og ordfører Jan Kåre Aurdal.

FOTO: HELE HØVDE

Sykkylven på netthinn

Si Sykkylven og Stresslessen dukker opp på netthinn. Som Stavanger og olje. Nå håper mange at Sykkylven skal bli synonymt med «Skaparglede»

NY VISION. Mebelbygda jobber med merkeverdig bygging. Samfunnsdelen av kommuneplanen er ute på høring, og til høsten skal politikarne ta stilling til om Sykkylven skal la slagordet «Vennlig, vilt og vakkert» få avansering.

Ny strategi. Harald Espeland er daglig leder i Sykkylven Nasjonalutvikling AS, og er dermed som har jobbet nært med kommunes nye strategi for å gi økt attraktivitet.

– Og utgangspunktet er egentlig det aller beste, sier Espeland. Det mestte går bra i Sykkylven, og et omstendelserkarskinn vil vere at folk kommer og utenom kommunen har et godt inntrykk av oss. Men det betyr ikke at vi skal lense oss tilbake å være fornøyde. Vi må se framover og være i forkant av utviklingsa.

Ønskar. Kommunen har formulert sine ønsker som går på gode møteplassar, varierte bomiljø, attraktivt næringsspol og gode kommunikasjoner. Espeland gikk også rundt til bedriftene for bare ha ønsket seg, og han var tilfreds av god og kompetent tilbakemelding.

Begrepet «skaparglede» kom staudig oftere fram når visjonen ble diskutert.

Vi må få fram alt som ligger bak Stresslessen

HARALD ESPELAND

Ligger bak. – Vi må få fram alt som ligger bak Stresslessen eller triftstasjonen fra More Trafik. Det handler om innovasjon, utvikling, design, nytenking. Kort sagt: skaparglede. Vi skal synliggjøre denne varen og at den finnes i alle bedrifter.

– Så dere vil ha svært Stresslessen fra netthinnna vår? – På ingen måte, men den er en del av så mye mer. Stolen er et resultat av at Sykkylven er et sted som ikke skapes og der folk har evne til å sette ideer ut på marknaden og utnyttet det.

– Og hva blir så det nye slagordet til Sykkylven?

– Hvis det blir noe slagord, kommer det nok til å inneholde noe om skaparglede. Men slagordet er ikke det viktigste. Det kommer kanskje som toppen på kranselska. Helt til slutt.

HALE HØVDE
Norsk Høvding

7 STATUSRAPPORT MARS 2013

Ulike ntervjuar av dagleg leiar i Sykkylven Næringsutvikling AS om skaparglede-sat-singa (her faksimiler frå Avisa Næringsliv):



Prosjekt 2: SKAPARGL EDE gjennom nyetablering og vidareutvikling

12. september 2011 vart det oppretta hoppid-kontor i Sykkylven. Hoppid er eit rådgje-vingsstilbod for gründerar i Møre og Romsdal utvikla i eit trepartssamarbeid mellom kvar einskild kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Innovasjon Norge.

For å opprette hoppid-kontor, må den som skal vere hoppid-kontakt gjennom ei sertifisering organisert av Høgskolen i Ålesund. Dagleg leiar i Sykkylven Næringsutvikling vart sertifisert til sommaren 2011 og har fungert som hoppid-kontakt fram til 1.januar 2013. Då tok Lars Olav Holmøy over denne stillinga.



(Faksimile Sykkylvsbladet i samband med etableringa av hoppid-kontor)

Logo

Vi gjennomførte ein logokonkurranse februar 2013. Fem tilbydarar vart invitert til å levere forslag, fire leverte, men den eine leverte to forslag, så vi hadde totalt fem å velge mellom.

Ein lokal jury inkludert fagkompetanse innan grafisk design vart satt ned til å kåre ein vinnar. Vinnaren vil få jobbe vidare i prosess saman med juryen for å kome fram til endeleg logo og profilprogram. Vinnarlogoen ser slik ut:



**SYKKYLVEN
SKAPARGLEDE**



Etablerarar får hjelp på nytt kontor

SYKKYLVEN. Hoppid-kontoret Sykkyven har opna. Det er å finne hos **Sykkyven Næringsutvikling**. Kontoret skal gje etablerar hjelpe til å planleggje etableringa si. Dagleg leiar i **Sykkyven Næringsutvikling** er sertifisert som etablerarrettsleiar og kan gjie råd og sette grunderane i kontakt med ulike hjelpear. På biletet ser May-Britt Roald frå More og Romsdal fylkeskommune og ordførar Jan Kåre Aurdal signere avtalen.

(Faksimile Sunnmørsposten i samband med etableringa av hoppid-kontor)

I tillegg til å rådgi kvar einskild gründer, har det vore viktig for hoppid-kontoret å sjå moglegheiter for å kople nyetablerar saman på nye måter. Gjennom rådgjevingsaktiviteten vart det mellom anna avdekkja at Sykkylven er vertskommune for 8-10 ulike gründerar innan netthandel. Aktørane blei invitert til å vere med og etablere eit samla netthandelshus som kunne gi synergiar. Tanken var ei etablering i dei ledige lokalene til tidlegare Hjellegjerde Møbelfabrikk. Desse planane vart lagt vekk, men delar av konseptet vert vidareført av nokra av aktørane i eit lokale på Vik i Sykkylven.



(Faksimile frå Sunnmørsposten)



(Faksimile frå Sykkylvsbladet)

Våren 2012 fekk Sykkylven Næringsutvikling AS innvilga kr 350.000 verdiskapingsmidlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune til «Program for SKAPARGLDE».

I dette programmet lå følgande tiltak:

- Samspillworkshop:** Workshop for gründerar og etablert næringsliv der ein drøfta på kva måte det var ønskeleg å få til betre samspel.

• Spinn off-samling:

Utgangspunktet for samlinga var ein hypotese om at ei rekke verksemder i Sykkylven sitt på kompetanse og produksjonsmoglegheiter som opnar for heilt nye bruksområde enn dei i dag vert nytta til – spesielt viss ein ser føre seg prosjekt eller «spinn off»-etableringar på tvers av fleire verksemder. Programmet for samlinga var som følger:



Sykkylven Næringsutvikling AS

Spinn off-samling Sykkylven

Dato: 8.mai 2012
Stad: Verkstaden Bistro
Påmeldingsfrist: 5.mai 2012
Gratis deltagning
Send di påmelding til gretche@skaparglede.no

Program

Tid	Innleiar	Tema
10.00-10.15	Sykkylven Næringsutvikling	Spinn off i Sykkylven, nyetablering og styrking av eksisterande verksemder
10.15-10.45	Sandella AS	Kva for produksjonsmoglegheiter har vi? Kva kvalitetar har produkta vi kan lage?
10.45-11.15	Sykkylven Stål AS	Kva for produksjonsmoglegheiter har vi? Kva kvalitetar har produkta vi kan lage?
11.15-11.45	Møbeltre AS	Kva for produksjonsmoglegheiter har vi? Kva kvalitetar har produkta vi kan lage?
11.45-12.15	Lunsj	
12.15-12.45	LP Riksheim AS	Kva for produksjonsmoglegheiter har vi? Kva kvalitetar har produkta vi kan lage?
12.45-13.15	Amatec AS	Kva for verksemder kan ha nytte av nærliek til vår kompetanse og utstyr?
13.15-13.45	Ekornes ASA	Kva for restmateriale kjem ut av vår produksjon? Kva for kvalitetar har desse?
13.45-14.15	Innovasjon Norge	Bedriftsnettverk og spinn off
14.15-15.15	Ideverkstad	Kva for spin off bør vi satse på å skape i Sykkylven/på Sunnmøre? Bør vi satse på nokre felles prosjekt/etableringar gjennom eit bedriftsnettverk? I tilfelle kva?
15.15-15.30	Sykkylven Næringsutvikling	Vegen vidare

Resultatet av samlinga var sju nye forningsidear. Det blei deretter gjennomført ei kartlegging til alle verksemndene i Sykkylven Industri- og næringslag om kva for forningsidear kvar einskild verksemd kunne tenke seg å jobbe vidare med. Fire av ideane var det tre eller fleire verksemder som kunne tenke seg å sjå nærmare på. Det blei gjennomført avklaringsmøte for desse fire ideane, og grunnlaget vart lagt for vidareføring av tre av desse igjen. Ei av «spinn off»-etableringane er no i gang med forstudie som Bedriftsnettverk med støtte frå Innovasjon Norge.

- Trendsamling:** Trendsamling og Arena SKAPARGLDE er slått saman og skal arrangerast 29.-31.mai 2013.
- Arena SKAPARGLDE:** Arrangerast 29.-31. mai. Basisen i arrangementet er ei utstilling av møbelnyheter og stands for underleverandørane i møbelbransjen. Det blir også utstilling av prototyper frå møbeldesignstudentar ved kunsthøgskulane

i Oslo og Bergen. Dag 1 blir fagdag for
bransjen med tema om nye samfunns- og
forbrukartrender som vil påverke møbel-
og interiørbransjen. Dag 2 blir ein fagleg
bransjekoppling mellom kompetansen i
møbelindustrien og maritim sektor. Dag
3 blir ein open publikumsdag som annon-
serast i heile Møre og Romsdal, samt med
spesiell invitasjon til elevar/studentar og
lærarar ved videregåande skular og høg-
skular.

- Program for SKAPARGLEDE: Skal vere ei vidare handlingsplan for satsing på «spinn off» og nytenking. Plana kan bli eit nyttig innspel til rullering av strategisk næringsplan for Sykkylven kommune som finn stad i komande fireårsperiode.

FoU-kompetanse Møre

Dette er ei etablering etter initiativ frå Sykkylven Industri- og næringslag, med økonomisk støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Målet er ei lønnsam og berekraftig etablering etter innleiande fase, der det vert etablert eit fagmiljø som kan bistå verksemdene til å identifisere, organisere, finansiere og gjennomføre gode FoU-prosjekt – gjerne på tvers av fleire verksemder med felles interesse. FoU-kompetanse Møre vil samarbeide tett med hoppid-kontoret hos Sykkylven Næringsutvikling AS.

Etablering av Inspirasjons- og kompetansesenter for norsk møbelindustri

I løpet av perioden 2011-2013 har tanken om etableringa av eit inspirasjons- og kompetan- sesenter for norsk møbelindustri modnast. Per i dag finst det ikkje eit velutvikla og samla kompetansemiljø innan møbel, verken na- sjonalt eller internasjonalt. Det er ein ledig posisjon. I mange bransjer ser man slike kompetansemiljø, tildømes innan parfyme i Grasse, bilbransjen ulike stader i Tyskland og Japan, øl og vin ulike stader i Europa og etterkvart på andre kontinent, sko i Italia, IKT i Silicon Valley etc. Men innan møbel finst utroleg nok ikkje noko slikt miljø. Samstun- des finst det svært få internasjonalt sterke merkevarer innan møbel. Faktum er at nokon av verdas mest lønsame merkevarer er norske (Ekornes/Stressless, HÅG og Stokke).

Dette, kombinert med behovet for å kontinuerleg sikre kompetanseutvikling i alle ledd av verdikjeda innan møbel, er grunnlaget for tanken om å etablere eit inspirasjons- og kompetancesenter for norsk møbelindustri. Ambisjonen er at miljøet skal vere så sterkt, at det blir ein internasjonal arnestad for gode produkt og merkevarer innan møbelbransjen.

Planane om eit slikt senter har kome på bordet parallelt med at Innovasjon Norge, Norsk Industri og dei største aktørlane i branjen har jobba med planane om å etablere Arena Møbel som også tek føre seg dei ulike delane av verdikjeda i møbelbransjen.

20.februar 2013 vart det arrangert ein workshop om inspirasjons- og kompetanse-senteret i regi av Sykkylven Næringsutvikling

AS. Her deltok representantar frå eit mangfald av møbelprodusentar, underleverandørar, kunsthøgskule, Innovasjon Norge, Møre og Romsdal fylkeskommune, Norske Interiørarkitekters Landsforening, desingmiljø m.fl. Konklusjonen på workshopen var at eit slikt senter bør sjå dagens lys – industrinært i Sykkylven.

Som oppfølging av workshopen har Sykkylven Næringsutvikling som initiativtakar til senteret vore i dialog med Arena Møbel om samkjøring av dei to satsingane, og blitt einige om ein fornuftig og gjensidig løysing der kompetansesenteret i Sykkylven har hovudvekt på materialutvikling, FoU, design, produktutvikling og produksjonsutvikling samt samarbeidsarena for denne bransjen. Medan senteret skal samarbeide med Arena Møbel-prosjekta som går på merkevarebygging og marknadsorientering og omdømebygging for bransjen.

Inspirasjons- og kompetancesenteret blir den største og viktigaste satsingen i Sykkylven i åra som kjem, og vil også inneholde komponentar som er svært viktig for bulyst i Sykkylven. Sjå nærmere omtale i kapittelet «Design - Create - Live».



(Faksimile frå Sunnmørsposten)



(Faksimile frå Sykkylvsbladet)

Andre viktige verknader

Vi ser no at arbeidet med skaparglede-posisjoneringa gir ulike positive resultat for utviklinga av næringslivet i Sykkylven. Eit døme er at verksemdene i Sykkylven sjølv ser meirverdien av å vere del av denne posisjonen:



Eit mål
for bedrifa er å bli assosiert med skaparglede; ein visjon både politikarar og næringslivet frontar, som eit bilet på det innovative og mangfaldige miljøet som finst i Sykkylven.

(Faksimile frå Sykkylvsbladet)

Eit anna svært viktig døme er at Sykkylven verkar attraktivt tiltrekande på verksemder som vurderer ny lokasjon. I 2012 slo Sandvik Møbler, Sitwell, Rajo og Vest Møbel seg saman til eitt selskap: Furnia. Dei vurderte ulike lokaliseringar, mellom anna Sykkylven. I denne prosessen vekta dei spesielt moglegheten for å bli del av det fagmiljøet som ga størst meirverdi, og dei fekk mellom anna presentert skaparglede-satsingane i Sykkylven. Konklusjonen blei at dei valde å lokalisere sin samla verksemd her. Dei fekk tilhald i dei tidlegare lokala til Hjellegjerde, og har på kort tid bygd opp eit mangfaldig og interessant miljø av ulike verksemder rundt seg:



(Faksimile frå Sykkylvsbladet)

I 2011 vart Hjellegjerde i Sykkylven solgt til Interstil AS. Dei eig også Hødnæbø og Wonderland. Vinteren 2013 kom nyheita frå Interstil om at dei ønskjer å etablere hovudbasen for sin utviklingsavdeling i Sykkylven, noko dei grunngjev med fagmiljøet her.

Prosjekt 3: SKAPARGLÈDE og

kommunale teneste

Som prosjekttittelen tilsei, er dette i hovudsak ei satsing som Sykkylven kommune som organisasjon må stå for. Dette har rådmannen og hans leiarteam grepe fatt i. Mellom anna i leiar- og organisasjonsutviklinga i kommunen:



Prosjekt 4: SKAPARGLÈDE i skulen

Hausten 2011 innleia Sykkylven vidaregåande skule og Sykkylven Næringsutvikling eit samarbeid om å få etablert ei ny linje ved skulen: Interiør- og utstillingsdesign, VG2.

Saman med næringslivet utvikla vi eit konsept for linja som vart presentert for ulike politiske miljø i fylkeskommunen, og skulen fulgte opp med å sende søknad i samband med utarbeidning av skulebruksplan i fylkeskommunen.

Resultatet blei at skulen fekk etablere ei slik linje frå skuleåret 2012/2013.



(Faksimile frå Sunnmørsposten)

Sykkelvgsbladet

FREDAG 20. MAI 2011 NR. 41 ÅRÅND 66 LAUSSAL KF. 20,-

Vil satse på design

To tonnlegg til klinikkene
I løpet av sommeren vil det komme et nytt stedsplas i Lule støytende ved Dalsundet. Det er en del av Sykkelvgs. Lave Fredrik Sandberg forteller at de har jobba, og parer seg med å få opp et godt klinikken.

Lukkeleg 70-åring
Vil ikke ha ført seg til 70. Da han fikk det som var best, så gikk han ikke kroppen som var best. Han har ikke hatt noe med hjerte- og肺问题, men ikke alltid har han vært så sunt som han ønsket.

Side 2

Sykkelvgs utdannende
Husk om du oppretter et nytt blad ved studiet. Vi har en konkurrans om å få estable en sykkelutdannelse med utdanningsdesign fra 2012, sier rektor Barbro Heggelund.

Onsdag fortalte ho om planene om å få et utdanningsinstitutt mellom verna til innleisen i Mørkum og Romsdalen. Sjekk ut artikkelen.

Eg viktig inspirert av den nye lederen, som fortalte om han var veldig positiv til å få et slikt institutt denne muligheten.

Side 5







Side 10 og 11

Dørløs Det var en munter debatt om når Norge skulle tilpasse lover for alkoholbruk i Mørkum og Romsdalen. Gode tankar om økonomi og et godt miljø ble fremmet under debatten.

Side 12

GRILLPØLSER ZFK 252 g pr. kg 33,90 pr. kg	JØRSØLGET 1990 pr. kg	TOMAT 9/6 450 g 990 pr. kg	FRONDKAFFE 250 g 33,90 pr. kg
--	---------------------------------	---	--

DUNNPRIS

Prisene inkluderer mva. og eksportavgift. Prisene kan endres uten varsel. © 2011 DUNNPRIS AS. Alle rettigheter reservert.

(Faksimile frå Sykkylvsbladet)

(Faksimile frå Sunnmørsposten)

(Faksimile frå Sykkylvsbladet)

(Faksimile fra Sykkylvsbladet)

Ekornes ASA har gjennomført prosjekt der elevar ved skulane i Sykkylven får kome til fabrikken og produsere ein Stressless til eitt godt føremål. Dette har verksemda linka til satsinga på Prosjekt SKAPARGLEDE i Sykkylven:

(Faksimile frå Sunnmørsposten)

Sitat i saka: ««Dette prosjektet føyer seg inn i rekka over fleire aktivitetar som går inn under Skaparglede-prosjektet som no er igrong i Sykkylven»

Våren 2012 etablerte elevar ved Sykkylven vidaregåande skule elevbedrifa Butterfly som saman med lokalt næringsliv utvikla barne-stolen med same namn. Denne verksemda vann fleire av kategoriane i NM for elevbe-driftar:

Sommarfuglar i svevet

Barnestolen deira heter **Butterfly** (sommarfugl). I går fekk elevane bak **stolen**, så mykje ros at dei gjalv kunne sveve.

(Faksimile frå Sunnmørsposten)

Prosjekt 5: SKAPARGLEDE, kultur og næring

Til skuleåret 2011/2012 etablerte Kulturskulen i Sykkylven og Sykkylven Næringsutvikling i samareid eit heilt nytt tilbod kalla «Skaparglede». Tilboden gjekk ut på at elevane fekk i oppgåve å utvikle ein souvernir som skulle symbolisere Sykkylven. Som lærar fekk dei Caroline Harstad som då var designar ved Formfin, seinare har ho etablert sjølvstendig designarverksem. Saman med Caroline Harstad fekk elevane første halvår utvikle ein idé frå innhenting av inspirasjon til ferdig designa produkt. Deretter fekk dei saman med Caroline Harstad og Arve Grønmo ved PU Fabrikken utvikle ferdige prototyper av forslag til souvernirar. Til slutt vart forslaga stilt under Sykkylvdagane i juni 2012. Sykkylven Næringsutvikling AS har teikna kontrakt med dei unge designspirane som inneber at dersom produkta vert satt i produksjon, skal designarane motta royalty på lik linje med «ekte» designarar.



(Faksimile fra Sunnmørsposten)



(Faksimile fra Sykkylvsbladet)

Nysatsing i kulturskulen

Kulturskulen i Sykkylven er igong med eit nybrottsbald. Elevar skal få prøve seg som designarar, og gjennom samarbeid med mellem anna fagpersonar innan design og produktutvikling skal ei gruppe elevene få ta del i den nyoppnatta klassa. Nyteg frå kulturskulen tildekk 40000 kroner til dette arbeidet.

Ar Arild Leikanger Aure

- Sekundærværet gjekk ut 20. mai og måsing denne veka fikk eg dan glædelig beskjeden om at Sykkylven kulturskulen har fått tilskudd til å starte opp eit nytt prosjekt på 40 000 kroner, fortel rector ved kulturskulen Knut Kjell Flora.

Prøgning kjens god med målsetning. Det er ein god del vennsrill som må kjøpes inn. Tillegg skal ein lære teknikkar og teknologi, og det er givendeverdi, fortel Kjell.

- Det var ekstra gledeleg at kulturskulen tildekk slike potensielle i det teknisk prosjektet sive vi i

samarbeid med Sykkylvens næringsutvikling har stått. Med 12 elevar i klassa kan kvar leirar betalar 2490 kroner, men det er ikke like konkurransete i kulturskulen vart det ikkje vere store innbrenningar av det, fortel Kjell det godt med at nyttek også er mad på å finansiere dette, fortel Flora, som nærmest passerar at denne nysatsingen ikkje

kjens til å gå utover drifta av dei andre klassa ved kulturskulen.

Anne målgruppe

- Eigentleg var denne stanngangen din kulturskulen, men det er også viktig at vi har eit godt tilbod til elevene som er født i 1997-2000. Effekt var at skolatida pleide til ei økning i matrulla til 10. klasse.

Vi har målgruppe 8 til 10. klasse, men kanskje den i framtida kan gjelde også for yngre elevene. I alle røren var det på grunn av utviklinga til skolen med at dette spørsmålet sette pris på dette under tilboddet. Fortel rector ved kulturskulen.



PRØVOR ved kulturskulen, Knut Kjell Flora, fortel at det er godt med at prisene tildekk 40 000 kroner.

(Faksimile frå Sykkylvsbladet)

Elevar stiller ut suvenir-forslag



Fra venstre:
Arve Grønmo,
Ruth Andrea
Lund, Monica
Aure og
Hedda Hofseth
med deres
mønstre
innspurtn
til arbeidet.

Monica Aure

Skaparglede-elevar har i løpet av ein og en halv timi i vika det siste ført koma fram til alle elevene sine idear til produksjon av ein suvenir. Dei vart vist fram i ein egen monter under Sykkylvdagane i Trondheim. I monteren vart det nytta teknologi til å presentere produksjonen og utviklinga av ideen.

Ferdamming:

Elevarne som har fått plass til kulturskulen har gjort det godt med eit godt tilbod til dem. Det er mange designspirar som er med i prosjektet.

Monica Aure

- Vi har gjort godt på responser og tilbakemeldingar, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skaparglede dei har.

- Vi har fått ein god respons, og det er godt med at vi har fått mye tilbakemelding frå skapargle

det vil også vere mogleg med driftsstøtte i spesielle tilfelle. Fondet har fått namnet Partnarskap for SKAPARGLADE. Proessen er per mars 2013 inne i sluttfasen med signering av utløysande avtalar. Det vil sei at det legg ei føresetning til grunn for innkrevjing av første innbetaling at verksemder med til saman minst 300 tilsette må ha signert bindande avtale før innkrevjingga startar. Dette målet legg det an til at vi når våren 2013.

Prosjekt 6: SKAPARGLEDE og naturen

Syklyven ligg mellom kommunane Ørsta og Stranda. Alle har sin del av dei fantastiske Sunnmørsalpane. Likevel er ikkje dette noko som differensierar den eine frå den andre kommunen. Målet med dette prosjektet der derfor å sjå nærrare på moglegheiter for å nytte naturen i Syklyven på ein annan og innovativ løysing enn det andre naturskjøne kommunar gjer.

www.skaparglede.no er eit dørme på skaparglede og bruk av naturen.

I tillegg har nettverket Fole Flenke Damer gjennomført ein kreativ workshop for å sjå nærmare på andre innovative idear. Frå denne workshoppen føreligg det eit referat med svært spanande idear. Det vil etterkvar bli aktuelt å sjå på moglegheita for å realisere nokre av desse ideane. Førebels har engasjementet frå Fole Flenke Damer medført at fleire turstier har blitt skilta gjennom dognadsarbeid og økonomisk støtte frå Gjensidigestiftelsen.

Fole flenke damer



By Randi Lerner

Fredag 13. januar er det døka før den første møtet i jentepræstekvælt ved Fløde Skole. Danner et det latinske ordet *præstekvælt*. Enne Aase applyser til avisa, er det næsten 50 pladspladse-
jester til arrangementet, samt gør
sig på stedene på SIS-huset. Og en
du skulde ha byt til å slenge ring
med i sinne huk, der et fastslått
medtag. Å ta kontroll med Aase og
medtag om pink.

Torsdag 17. januar 2011



(Faksimile frå Sykkylvsbladet)

Prosjekt 7: SKAPARGLEDE og reiseliv

Mange stadar i verda er industriturisme ei vellukka satsing. I Grasse (Sør-Frankrike) kan ein besøke parfymeindustrien, i München opplevelingssenteret til BMW, i København senteret til Carlsberg og mange nyttar moglegheita til å besøke vingårder. Kvifor skulle då ikkje innsida av norsk møbelindustri kunne vere ei potensiell reiselivsoppleveling?

Dette har gründerane i Furniture Guiding med bistand frå hoppid-kontoret ved Sykkylven Næringsutvikling grepet fatt i. Dei har etablert ei reiselivsverksemd som tilbyr opplevelingspakkar med ingrediensar som bedriftsbesøk hos til dømes Ekornes som den store masseprodusenten og Cylindra Objects som den lille kunsthandverksprodusenten. Furniture Guiding samarbeider også til dømes med Brunstad, LK Hjelle, Formfin, Norsk Møbelfaglig Senter.

Satsinga har fått lokal, regional og nasjonal merksemd.

(Frå brosjyra til Furniture Guiding)

FurnitureGuiding

FurnitureGuiding er eit nyt og spennande prosjekt innan innsleiv på Sunnmore. Bydelken er i land verda over for den produksjonen av møbler.

Gjennom FurnitureGuiding vil vi tilby ei reiseopplevelsing som viser historie, teknologi og kultur i Sunnmøre. Bil med på produkt-sesjonen, tur med båt, samt opplevelser med mat, vin, musikk, og konkurranser innan nye vart vert. For å gjøre det enkelt for deg å oppleve den storeste naturen i distriktet. Det nærtliggande Sunnmørsalpene, og området rundt, og såg mellom fjella, bygd og by i levarkaten.

Vil du vite mer om FurnitureGuiding, eller bestille turar? Ta kontakt!

Vile funn
Sponsar?
Booking

[Press here for English version](#)


(Frå heimesida til Furniture Guiding)

Møbelturisme!

Tidsskriftet Møbel

Furniture Guiding er en ny reiselivsstabning i Sykkylven, bygd opp som er verdenskjent for sin møbelproduksjon. 5. juli gikk den første prøveruten av stabelen, med besøk til blant andre Ekornes og Cylindea

- for nære og ytterpunker på reiseruta.



De aksepterte på Peter Opsys Cylindea Objekt, gjenstender i gressmarken mellom møbler og teknologi. Det er ikke en vanlig møbelprodusent, men en teknologisk produksjon av teknologi. Foto: Petter Opsys Cylindea

næringsturer eller skreddersy turer for folk med spesielle ønsker, sier han.

Syklykisk skaperglede

Slik skal det være i fremtiden for bedriftene. Mit det var bedre for Sykkylven?

Jas, viser Stian Huse forsker at prosjekten har fått et godt start. «Vi har en strategi 10 prosjekter for skaperglede»,

en hovedlinjeplan utarbeidet i samarbeid med Sykkylvens Næringsutvikling AS.

Prosjekten tar sikte på å vise frem og utvikle Sykkylven som et attraktivt sted i kommunen opp mot reiselivsutviklingen, sier han.

«Og vi har også et dør for dem som den typiske deltarer på silke turer? Vi henviser oss til cruiseturister, lokale handelsmenn og andre som reiser er i området, skolebesøk og ikke minst familiebesøk», sier han.

Utbudet av lokal industri

Til de førtre næringsdepartementene som har bidratt idéen hører Cylindea, Ekornes, Furniture Guiding og flere andre fra Nord. Norsk Møbelkjøring sentral, Møbelhåndverkerskolen, Sykkylvens sentral og Berlevåg sentral har også kommet opp til å bli med i utbyggingen. De andre bedriftene har ikke fått tilgang til å bli med i utbyggingen, men er også interessert i å bli med i utbyggingen.

«Det er ikke en spesiell prisliste for Furniture Guiding!»

Prisene vil variere, det er naturligvis ikke mulig å si noe om prisene.

Men som nærmest muligheitet til å skreddersy tur til Sykkylven er å tilby et pakkepaket med teknologi og berlevågskjøring, eller annet man mener ønsker, på plass med detaljert informasjon.

Opplegget forventes å være på plass i løpet av august.

31

Resepsjon SKAPARGLDE

I 2012 kom Nærings- og handelsdepartementet med sin nye reiselivsstabning «Destinasjon Norge». Eit av hovudmåla i strategien er å få til betre samarbeid mellom reiselivsverksemder, men også mellom reiselivsnæringa og andre næringar på staden. Parallelt med at regjeringa la fram sin strategi, tok Sykkylven Næringsutvikling lokalt eit initiativ overfor dei aktørane som driv innan reiseliv i Sykkylven om å sjå på moglegheiten for ei større, profesjonell og samla satsing. Ein av ideane som lå til grunn var ønsket om å etablere ein lokal turistinformasjon. I prosessen blei det klart at ein tradisjonell turistinformasjon ikkje er riktig tiltak. Skal Sykkylven lukkast innan reiseliv må vi satse utradisjonelt og på dei differensierande fortinna vi har. Ei vidareutvikling av konseptet med å kople anna næring opp mot reiselivssatsing vart konklusjonen. Det blei laga ein strategi for satsinga Resepsjon SKAPARGLDE som både kan selge og organisere besøk til Sykkylven og næringslivet her. Yrkesreiser er det mange av til Sykkylven, men potensialet i å gjøre desse reisene til gode opplevelsar er ikkje utnytta. Konseptet med Resepsjon SKAPARGLDE er førebels baka inn som del av planane om eit inspirasjons- og kompetansesenter for norsk møbelindustri. Ein kan sjå føre seg at denne delen av senteret kan organisere interne bedriftsarrangementer for industrien, gode og heilsakapelege oppleveligar for leverandørar, selgarar, kundar og andre som gjester næringslivet, samt turar for elevar, studentar og turistar som ønskjer å besøke næringslivet i Sykkylven kombinert med andre reiselivsopplevelingar i nærleiken.

Ei vidareutvikling av konseptet med å kople anna næring opp mot reiselivssatsing vart konklusjonen. Det blei laga ein strategi for satsinga Resepsjon SKAPARGLDE som både kan selge og organisere besøk til Sykkylven og næringslivet her. Yrkesreiser er det mange av til Sykkylven, men potensialet i å gjøre desse reisene til gode opplevelsar er ikkje utnytta. Konseptet med Resepsjon SKAPARGLDE er førebels baka inn som del av planane om eit inspirasjons- og kompetansesenter for norsk møbelindustri. Ein kan sjå føre seg at denne delen av senteret kan organisere interne bedriftsarrangementer for industrien, gode og heilsakapelege oppleveligar for leverandørar, selgarar, kundar og andre som gjester næringslivet, samt turar for elevar, studentar og turistar som ønskjer å besøke næringslivet i Sykkylven kombinert med andre reiselivsopplevelingar i nærleiken.

Årlig 100 000 besøk til Sykkylven

Årlig 100 000

konkurranse om utsmykking av den eine rundkøyringa i Sykkylven sentrum. Det var eit krav om at utsmykkinga måtte symbolisere skapargleda i Sykkylven.

Vi valgte å køre ein brei og folkeleg tilnærming i konkurransen, der kven som helst kunne levere sitt forslag. Vi hadde alliert oss med fleire lokale verksemder som stilte seg til disposisjon for å vere med å produsere vinnarutkastet. Og fagkompetanse frå Møre og Romsdal fylkeskommune stilte seg til disposisjon for å vere med å vurdere estetikken i forslaga. Statens Vegvesen stilte seg også positiv til prosjektet, og takka ja til å sitte i juryen.

Prosessen var som følger: 1) open invitasjon om å levere forslag, 2) ein jury med representantar frå Statens Vegvesen, Sykkylven kommune og Sykkylven Næringsutvikling valde ut tre forslag som gjekk til finale, 3) open avstemming på nett og papir over kven av finalistane som skulle vinne og 4) kåring av vinnarforslag som skulle realiserast.

Sett i ettertid var det ein risikabel aktivitet å gå så brent ut med ein open konkurranse, samstundes ga dette eit svært stort engasjement og veldig mange forslag. Risikoene så vi i ettertid når alle utfordringane knytt til realisering meldte seg. Heldigvis, kan ein kanskje sei, var det ein av dei profesjonelle kunstnarane lokalt som vann konkurransen. Han har lang erfaring frå slike prosessar, og har bidratt svært konstruktivt til å finne løysingar på produksjonen av utsmykkinga.

Etter at vinneren var kåra, utvikla kunstnaren i løpet av hausten 2012 ein modell av skulpturen. Deretter har han i samarbeid med lokal industri utarbeidd ei produksjonsløysing. Produksjonen av skulpturen er no i gang, og den vil etter plana stå ferdig juni 2013.

Fredag 3. februar 2012

Syklykkelørdag 7

– Skap symbolet på Sykkylven




(Faksimile frå Sykkylvsbladet)

(Faksimile frå Sykkylvsbladet)

(Faksimile frå Svakkyvlsbladet)

(Faksimile frå Sykkylvsbladet)



(Faksimile frå Sykkylvsbladet)

Det høyrer også med til historien at sykkylv-russen 2012 fatta interesse for utsmykkinga, og laga nye utsmykkingar i rundkøyringane nesten kvar dag i russetida – stort sett til stor glede.

Arkitektkonkurranse Sykkylven sentrum

Sykkylven kommune i samarbeid med og med støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune gjennomførte i 2012 ein arkitektkonkurranse for vidare utvikling av Sykkylven sentrum. Tema for konkurransen var «Skaparglede i sentrum».

Tre arkitektfirma var med i konkurransen, og dei hadde mellom anna ei arbeidsveke i Sykkylven der dei fekk møte næringsliv, handelsverksemder, gárdeigarar, skuler, Sykkylven Handelsforening og Sykkylven Næringsutvikling for å få innspel.

Det blei kåra ein vinnar, og element frå dei tre forslaga legg grunnlaget for vidare utvikling av Sykkylven sentrum.

Arkitektkonkurranse i sentrum



(Faksimile frå Sykkylvsbladet)

Bygdeutvikling

Velledalen er ein av bygdene i Sykkylven. Her finst eit kreativt og aktivt bygdelag – Velledalen i balanse. Dei sei sjølv at dei kjänner seg vel att i skaparglede-posisjonen, og tok kontakt med Sykkylven Næringsutvikling AS for å få i stand ein kreativ idedugnad om SKAPARGLADE og reiseliv i Sykkylven og Velledalen.

Det var godt oppmøte på idemøtet og fleire gode idear kom fram som bygdelaget jobbar vidare med.



Temamøte skaparglede – reiseliv

Harald Espeland (SNU)
inndeiar.
Velledalen Grendahus
26. okt. kl. 19.30.
Les meir på
www.velledalen.net

Velledalen i Balanse AS

(Faksimile frå Sykkylvsbladet)

Temamøte for skaparglede



Jaktar på det unike



(Faksimile fra Sykkylvsbladet)

vil det vere aktuelt å lage fleire montre som kan settast på ulike strategiske lokaliseringar rundt om i kommunen. Dette vil vere bli ein sjåarverdighet.



(Illustrasjon SAP Design)

Utstillingspark i sentrum

Då Furniture Guiding hadde ein testtur for sitt konsept, var patriservillaen Berlihuset i Sykkylven sentrum eit av stoppa. Her hadde SAP Design som held til i huset laga ein midlertidig utstilling med kjende norske møbeldesignklassikarar i parken rundt Berlihuset. Dette var ein stor suksess, og det blei derfor straks etterpå etablert ei prosjektgruppe som skulle sjå nærmare på moglegheita for å få til ein permanent utstillingspark i området.

Prosjektgruppa hadde medlemmer fra SAP Design, Sykkylven Næringsutvikling AS, Sykkylven kommune, Sparebanken Møre, Sykkylven Energi, Møre Trafo og Ove Straumsheim AS.

SAP Design designa ein monter som kan stå utandørs. Monteren baserer seg mellom anna på eit trafohus frå Møre Trafo og glas frå Ove Straumsheim AS.

Prosjektet fekk støtte til fase 1 gjennom forprosjekt Bulyst (utvikling av konseptet og innkjøp av dei første montrene) og fase 2 gjennom LUK-midlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune (innkjøp av fleire montere som kompletterer parken).

Per i dag venter vi på endeleg kostnadsbilde for montrene. Deretter vil det bli bestilt ein testmonter. Viss denne fungerer som den skal, vil dei resterande montrene bli bestilt og parken etablert. Venta framdrift er ferdigstilling i løpet av 2013.

Det er også inngått ein intensjonsavtale med ein aktør som kan tenke seg å drifta utstillingsparken på kommersielt grunnlag. Det vil vere aktuelt med ein basisutstilling av designklassikarar – gamle og nye. I tillegg vil det vere opning for ulike temautstillingar innan møbel, kunst og andre produkt. Til dømes kan dette nyttast av verksemder som skal ha bedriftsbesøk og som vil stille ut produkta sine på ein spektakulær måte – då gjerne i kombinasjon med å nytte Berlihuset til arrangement.

Viss utstillingsparken blir ein suksess,

Infrastruktur for SKAPARGLDE

I dette prosjektet inngår kontinuerleg arbeid med mellom anna Storfjordbrua (Storfjordsambandet ASA), fiberutbygging (Sykkylven Energi og PC Support AS) og ny kai (Storfjordterminalen AS)

Open post

Prosjektet er meint som ein open invitasjon til folk om å ta kontakt med Sykkylven kommune eller Sykkylven Næringsutvikling AS med gode idear. Det er svært viktig at sentrale pådrivarar i eit posisjoneringsarbeid er ein «idesentral» der folk med idear tek kontakt. Dette fordi det gir ei enorm moglegheit til å knyte folk og idear saman på måter som gir resultat. Dette opplev vi at fungerer godt i kvardagen – folk tek kontakt, og fleire av ideane har sett dagens lys eller er under planlegging.

FORPROSJEKT BULYST

JUSTERT PLAN FOR PROSJEKT SKAPARGLÉDE 2011

Sykylven Næringsutvikling AS fekk i 2011 innvilga bulystmidlar frå Kommunal- og regionaldepartementet og Møre og Romsdal fylkeskommune til forprosjekt Prosjekt SKAPARGLÉDE.

Målet med forprosjektet er å gjennomføre

pilotprosjekt og tiltak slik at dei vidare strategiane og tiltaka i bulystprosjektet blir meir konkret og tydeleg før hovudprosjektet blir satt i gang.

Til grunn for innvilga søknad ligg følgande tiltaksplan:

Aktivitet	Tilhører delprosjekt	Omtale	Budsjett
www.skaparglede.no	Skaparglede som omdøme	Dette blir ei spektakulær heimeside der ein kan vitje Sykylven og verksemndene her virtuell og sjå skaparglede i praksis på nett	Kr 100.000 for første utgåve
Møbelpark	Skaparglede og reiseliv og Skaparglede gjennom sentrums- og bygdeutvikling	Utstilling av kjende designklassikarar i parken utanfor Berlihuset. Konseptet er testa ut gjennom ein midlertidig installasjon i sommar.	Kr 150.000
Tilbod om skaparglede i kulturskulen	Skaparglede, kultur og næring	Kulturtilbod til ungdom der dei skal designe ein souvernir som symboliserar Sykylven og lage prototype av produktet.	Kr 80.000
Skilting	Skaparglede som omdøme	Sykylven manglar synleggjering av skaparglede som har skjedd gjennom generasjonar. Sykylven ferjekai er ein godt egnat sted for ei kreativ løsing med skilting som fortel historia og situasjonen i dag. I tillegg kan det vere aktuelt med samordna skilting ned til verksemndene, dersom fylkeskommunen/SVV tillet	Kr 100.000
Prosjektleiing	10 prosjekt for skaparglede	Prosjektleiing og arbeidsinnsats i alle dei 10 prosjekta for skaparglede, 200 timer X kr 740	Kr 150.000
Kartlegging	Skaparglede gjennom nyetablering og vidareutvikling	Det vert gjennomført ein kartlegging hos verksemndene i Sykylven for å avdekke kva for kompetanse dei treng tilført, slik at omdønearbeidet kan målrettast inn mot aktuelle målgrupper	Kr 12.000
Diverse forprosjekt innan delprosjekta	10 prosjekt for skaparglede	Planleggingsseminar for skaparglede i kommunale teneste Kreativ prosess skaparglede og naturen Utgreiing og planlegging skaparglede i skulen Utgreiing og planlegging skaparglede og reiseliv (mellom anna "dukkehuset")	Kr 120.000
Profilprogram og informasjonsmateriell	Skaparglede som omdøme	Før vi sett i gong med skilting etc må skaparglede-prosjektet ha ein einskapeleg profil som går igjen i alt informasjonsarbeid. Det er også naudsynt med ulike informasjonstiltak for å engasjere lokalt i det vidare arbeidet med å posisjonere Sykylven som kommunen med SKAPARGLÉDE	Kr 90.000

Totalkostnad kr 802.000

Finansiering:

- Eigne midlar/lokal finansiering: kr 402.000
- Bulystmidlar KRD: kr 200.000
- Midlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune: kr 200.000

Status og erfaringar frå tiltaka

i forprosjektet:

FORPROSJEKT BULYST

Fase 1 av nettsida er gjennomført. Sjå omtale i kapittel om handlingsplan og resultat. Sida er godt besøkt og har fått stor merksemd. Gjennom fase 1 har vi fått ein god infrastruktur å bygge vidare på. Kommunikasjon av stedskvalitetar er viktig med tanke på bulyst. Sykkylven Næringsutvikling, som eig sida, har fått fleire innspel frå publikum om at websida bør vidareutviklast med følgande informasjon:

- **Oversikt over fritidstilbod i Sykkylven.** Dette vil vere nyttig for innbyggjarane i kommunen og tilflytтарar, og ikkje minst alle dei arbeidsinnvandrarane som jobbar i Sykkylven. Det er viktig at dei kan få god informasjon om kva lokalsamfunnet har å by på, slik at dei trivst her og kan vere med å vidareutvikle verksemndene og lokalsamfunnet vidare.
- **Turløyper. Skaparglede.no** er godt egnat til ei moderne framvising av turløyper/fjellturar i Sunnmørsalpane. Turløypene kan merkast av i bilda på nettsida, og koblast med QR-koder som blir plassert ved turløypene. Då kan turgåarar laste ned omtale av turen på telefonen. Mange som vel å busette seg i Sykkylven er opptatt av å nytte naturen, og det er god folkehelse i å legge til rette for enklast mogleg å kome seg på tur.
- **Næringsliv.** Vi er i gang med å legge inn nokre verksemder på sida. Dette kan utvidast. Og det vil løfte kvaliteten på sida om fleire vel 360-graders framvising av verksemda si, slik som Furnia, Cylindra og Din Stil har gjort på sine punkt på skaparglede.no i dag.
- **Natur og ulike skall.** Sida blir veldig rotete viss alle punkt skal inn på same skjermbilde. Vi ønskjer derfor å utvikle ulike «skall» på sida, slik at brukarane ved å trykke på ulike knappar kan få fram oversikt over «næringsliv», «fritidstilbod», «turar» og «natur» (reine naturbilder utan andre punkt).

«Næringslivsskallet» vil fungere som forside, då det er viktig for Sykkylven å få fram alle dei som lev av å skape. Utviklinga av sida er eit nyvinningsarbeid og skaparglede i seg sjølv, i og med at teknologien som blir nytta er banebrytande. Det ligg overføringsverdi til andre kommunar i utviklinga av ei slik side, som baserer seg på formidling av stedskvalitetar gjennom bilder.

Møbelpark

Dette prosjektet er døypt om til Utstillingspark, i og med at montrene som er utvikla kan nyttast til andre typer utstillingar enn berre møblar. Likevel er det utstilling av møbeldesignklassikarar som er kjerna i satsinga. Montrene er ferdig utvikla, og straks klar for produksjon. Målet er å ferdigstille utstillingsparken i løpet av 2013. Sjå omtale i kapittelet

om handlingsplan og resultat.

Samarbeidet mellom ulike aktørar i dette prosjektet har bidratt til å danne grunnlaget for den store satsinga i Sykkylven i ára som kjem: Eit inspirasjons- og kompetansesenter for norsk møbelindustri. Arbeidet med utstillingsparken er eit levande eksempel på kva man kan få til av nyvinningar dersom ulik kompetanse og ulike verksemder samarbeider. Ikke minst vil utstillingsparken bli eit av elementa som bidrar til å sette kompetansesenteret på kartet. Både fordi ein her kan ha utstillingar knytt til dagsaktuell aktivitet ved senteret, og fordi ein ser føre seg at Berliområdet, der utstillingsparken kjem, vil kunne bli sentral i delar av kompetansesenteret sin aktivitet, då spesielt knytt til representasjon og inkubator for unge designarar (meir om dette i kapittel om «Design - Create - Live»).

Tilbod om skaparglede i kulturskulen

Sjå omtale i kapittel om handlingsplan og resultat. Dette var eit nyttig pilotprosjekt å ha gjennomført. Det viser at vi kan få til unike tilbod mot barn og unge dersom vi tenker kreativt i samspelet mellom næringsliv og kulturtilbod. Samstundes ga det ein nyttig erfaring om at dette er ein svært krevjande målgruppe. Sett i lys av funna i identitetskartlegginga knytt til «mykle som skjer», har vi konkludert med at dette tilbodet i Kulturskulen ikkje vidareførast. Vi vil heller satse på midlertidige tiltak framfor faste tilbod. Dette gir barn og unge eit meir mangfaldig og spande tilbod, og det er enklare å organisere gode midlertidige tilbod enn faste.

Skilting

Dette delprosjektet har vi lagt på is, og vi ønskjer heller å bake denne satsinga inn i Utstillingsparken. Dette fordi effekten av dei to delprosjekta er den same. Då er det bedre at Utstillingsparken blir gjennomført på ein skikkeleg måte i staden for at vi spreiar ressursane på ein måte som gjer at tiltaka vatnast ut. Dessutan er montrene i Utstillingsparken designa slik at eine veggen på innsida skal vere eit informasjonsskilt om kva for gjenstand som er stilt ut.

Prosjektleiing/diverse forprosjekt innan delprosjekta

Desse to delprosjekta er det naturleg å sjå i samanheng. Sykkylven Næringsutvikling har vore prosjektleiar og Prosjekt SKAPARGLEDE har vore kjerneverksemda til selskapet dei to siste åra. Det er mellom anna gjennomført temamøte om «skaparglede og naturen», samarbeidsprosjekt med skule, kulturskule, Sykkylven kommune, Sykkylven Handelsforening og Sykkylven Industri- og næringslag.

Gjennom alt arbeidet som er lagt ned i dei 10 prosjekta for SKAPARGLEDE har vi i forprosjektfasen opparbeidd ein mykle bedre innsikt i kva som vil vere gode strategiar og tiltak vidare. Denne innsikta har kome som resultat av arbeid på mange frontar samstundes, alt frå etablererveiledning og

vidareutvikling av verksemder, til etablering av kulturskuletilbod, ny linje på vidaregående skule, reiselivssatsinga etc.

Essensen i erfaringane frå dei to siste åra kan oppsummerast i eit essensielt tiltak for Sykkylven si vidare utvikling: Inspirasjons- og kompetansesenter for norsk møbelindustri. Sykkylven hamnar på nest siste plass i Telemarksforsking si sårbarheitsanalyse av norske kommunar og på 350.plass i NHO sitt Nærings-NM, til tross for at 44 % av dei som jobbar i Sykkylven har sitt arbeid i næringslivet.

Årsaka er situasjonen for norsk møbelindustri. Per i dag er ikkje lønsemda god nok, og Sykkylven er sårbar fordi så mykje avheng av Ekornes ASA. Gjennom dei moglegheitene Prosjekt SKAPARGLEDE har avdekt om korleis vi kan løfte norsk møbelindustri gjennom satsingar mellom møbelbedrifter, mellom møbelnæringa og andre næringar og mellom næringsliv og andre samfunnsområde, har vi fått fram eit solid grunnlag for korleis eit kompetansesenter kan vekse fram, og responsen frå møbelbransjen er ein tydig positiv (sjå kapittel om Design - Create - Live).

Kartlegging

Det er gjennomført ei kartlegging blant verksemdene i Sykkylven for å avdekke kor godt forankra skaparglede-posisjonen er, og for å få innspel til kva tiltak som er viktig å gjennomføre i åra som kjem (sjå omtale i kapittel om forankring). Mykje av utviklinga i Sykkylven er avhengig av næringslivet, og derfor er det svært viktig at posisjoneringsarbeidet er godt forankra hos verksemdene. Som resultata viser er posisjonen ønska av næringslivet og dei ser meirverdien i at Sykkylven blir tydeleg assosiert med skaparglede. Dette gir oss eit solid grunnlag for å gå vidare med hovudprosjekt for Prosjekt SKAPARGLEDE.

Profilprogram og informasjonsmateriell

Vi har bevisst venta to år ut i prosjektperioden før vi starta arbeidet med logo, profilprogram og materiell som profilerer Sykkylven som skaparglede-kommunen. Dette fordi det er viktig at ein posisjon blir godt forankra gjennom dei reelle utviklingstiltaka som bygger opp under posisjonen, før ein prioriterer reine marknadsføringstiltak som dette. Bruk av logo og marknadsføring av Sykkylven som skaparglede-kommunen har mykje større effekt dersom grunnlaget er lagt frå før hos innbyggjarane, verksemdene og andre aktørar lokalt, enn om ein startar med slikt marknadsføringsmateriell før posisjonen har fått satt seg gjennom andre tiltak. På nyåret 2013 var vi klar for å ta dette steget. Logoen vil bli mangfaldiggjort (til dømes gjennom bilklistemerker til alle innbyggjarar og liknande) i løpet av våren 2013.

Konklusjon frå forprosjektet

Forprosjektet har gjort oss sikker på at val av skaparglede-posisjonen er riktig satsing.

Vi ser at omgrepet og tiltaka som vert satt i gang under skaparglede-paraplyen motiverer, engasjerer og gir resultat:

- Verksemder ønsker å ta aktiv del i skaparglede-prosjekt.
- Unge gründerar ønsker å ta del i skaparglede-miljøet i Sykkylven
- Verksemder flytter til Sykkylven for å ta del i det som skjer her
- Vi får avgjerder hos beslutningstakarar utanfrå som gir positiv utvikling (til dømes ny linje ved Sykkylven vidaregående skule)
- Vi får til meir samarbeid mellom ulike verksemder, og mellom næringsliv og andre aktørar i lokalsamfunnet, innan til dømes kultur, kunst og utdanning

Vurdering opp mot mål i forprosjektsøknaden:

Overordna mål:	Vurdering førebels måloppnåing
Overordna mål: Sykkylven skal ta ein tydeleg posisjon som gjer at lokalsamfunnet når måla i samfunnssdelen i kommuneplana.	Basert på tilbakemeldingar frå innbyggjarar, næringsdrivande og andre aktørar lokalt meiner vi å vere på god veg å bevisstgiere ein slik posisjon lokalt.
	Basert på tilbakemeldingar frå eksterne aktørar (politikarar, næringsaktørar, verkemiddelapparat m.m.) meiner vi også å vere på god veg til å ta posisjonen utad.
	Eit konkret mål på posisjonsutviklinga får vi først når vi i løpet av hovudprosjektet køyre ein ny runde av identitets- og omdømekartlegginga.
Delmål for prosjektet:	
Sykkylven skal ha eit omdøme knytt til skaparglede, som gjer at vi tiltrekk oss naudsynt kompetanse for nyetablering og vidareutvikling av næringslivet	Vi har handfaste prov på at vi har tiltrekt oss verksemder og fått fleire nyetableringar. Vi opplev og at vi no har oppnådd ein situasjon der næringslivet er klar for å ta felles løft for samla vidareutvikling (jfr kapittel om Design - Create - Live)
Nyetablerarar skal oppleve at Sykkylven er kommunen for skaparglede	Gjennom hoppid-funksjonen opplev vi at nyetablerarar ser det slik
Dei kommunale tenestene i Sykkylven skal skilje seg ut ved at skaparglede pregar innhaldet og utviklinga av tilbodet	Rådmannen har grepet fatt i dette
Skulane i Sykkylven skal skilje seg ut med eit ekstraordinært godt tilbod knytt til skaparglede (barneskule, ungdomsskule og vidaregåande skule)	Til dømes gjennom ekstraordinært tilbod om interiør- og utstillingsdesign.
Sykkylven skal ha ein unik kopling mellom kulturtilbodet for barn og unge og produktutviklingsmiljøa i næringslivet.	Vi har gjennomført pilotprosjekt, og andre midlertidige tilbod vil sjå dagens lys etterkvart
Vi skal finne ei kreativ kopling mellom stor-slått natur og skaparglede	www.skaparglede.no er ein god start på dette. Fole Flenke Damer har lansert fleire gode idear som vi kan gripe fatt i framover.

Fortsetter på neste side.

I Sykkylven skal vi utvikle eit reiselivskonsept knytt til framvising av skapargleda i kommunen. Vi har mellom anna mange kjente merkevarer som folk kan lære meir om "back stage". Konseptet skal kunne eksporterast til andre kommunar i liknande situasjon.	Svaret er Furniture Guiding og etter kvart Resepsjon SKAPARGLEDE. Fleire andre kommunar har ytra interesse for konseptet med industriturisme, noko som også er i tråd med signala i NHD sin reiselivsstrategi (Destinasjon Norge) om å kople reiselivsnæringa til andre næringar på staden
Sentrum og bygdene våre skal bli arenaer der ein kan oppleve skapargleda i kombinasjon med handel. Vi skal også synleggjere dei internasjonale dimensjonane ved Sykkylven knytt til aktivitetar i sentrum og bygdene (ca 70 nasjonalitetar er integrert i lokalsamfunnet vårt)	Vi har lagt eit grunnlag gjennom å teste ut konsept, gjennomføre idedugnad og arkitektkonkurranse. Utstillingspark og skaparglede-utsmykking i rundkøyringa er døme på konkrete tiltak som vil bli realisert i 2013
Vi skal få på plass infrastruktur som styrker skapargleda (fibernet, bru, veger m.m.)	Dette er lange prosessar som vi har jobba kontinuerleg med og som vi kjem til å jobbe vidare med. Ein sterk og tydeleg posisjon gjer det og lettare for eksterne beslutningstakarar å sjå verdien av å investere i dei naudsynte tiltaka

I sum har forprosjektet gjennom pilotprosjekt, kreative prosessar og strategiutforming gitt oss det naudsynte grunnlaget for Bulyst-hovudprosjekt. Prosjekt SKAPARGLEDE kjem framleis til å satse på ei brei samfunnsutvikling gjennom 10 prosjekt for SKAPARGLEDE.

HOVUDPROSJEKT BULYST

Lokal utvikling krev ei satsing på ulike frontar (jfr konklusjonane til Distriktsenteret). Som del av dette arbeidet vil vi spisse bulysstsatsinga i hovudprosjektet til dei tiltaka vi no etter forprosjektet kan konkludere med at vil gi størst ønska effekt:

Mål for hovudprosjekt Bulyst	Sikre at Sykkylven er ein attraktiv bustad for den kompetansen verksemduene her treng for å utvikle seg og norsk møbelindustri.
Grunngjeving val av mål	Det er spesielt kritisk å sikre tilførsle av kompetanse til norsk møbelindustri, slik at denne kan utvikle seg vidare. Dette er ei stor næring i Norge (14 milliardar kroner i omsetnad) og det er ei næring med store moglegheiter viss ein lukkast med å gjøre grep i fellesskap som kan løfte heile bransjen. Halvparten av norsk møbelproduksjon skjer på Sunnmøre, og det aller meste av dette i Sykkylven – Sykkylven er Norges møbelhovudstad. Derfor kan og bør vi sette i verk tiltak nettopp her. Sykkylven har svært mange arbeidstakarar frå utlandet. Desse er viktig for lokalsamfunnet og næringslivet. Vi må derfor sikre oss at Sykkylven er ein attraktiv bustad over tid for denne kompetansen.
Strategi hovudprosjekt Bulyst	Vi skal bygge vidare på strategien om å posisjonere Sykkylven som SKAPARGLEDE-kommunen gjennom å: <ul style="list-style-type: none">• Etablere nye, skapande kompetansemiljø som tiltrekker seg ny kompetanse• Synleggjere gjennom nyskapande løysingar dei kvalitetane du finn i Sykkylven både i og utanfor arbeidstida
Tiltak hovudprosjekt Bulyst	<ul style="list-style-type: none">• Prosjektleiar for «Design – Create – Live» i perioden 2013-2015• Vidareutvikling av www.skaparglede.no med «skall» for fritidstilbod, næringsliv og turløyper• Idenitets- og omdømekartlegging i 2014

UTDJUPING OM TILTAK HOVUDPROSJEKT BULYST

«Design – Create – Live»

Å tilføre kompetanse til møbelindustrien er ei prioritert utfordring i åra som kjem. Til og med eit solid og attraktivt system som Ekornes ASA rapporterer om at det er vanskeleg å halde på einskilde yrkesgrupper over tid, til dømes designarar.

Denne utfordringa møter vi best gjennom å etablere kompetansemiljø som er attraktive og som trekk til seg dyktige folk. Dette har vore ideen bak planane som har vakse fram dei to siste åra om å etablere eit inspirasjons- og kompetansesenter for norsk møbelindustri i Sykkylven.

Vi har vore i tett dialog med viktige aktørar for bransjen som Norsk Industri, Innovasjon Norge, møbelutdanninga ved kunsthøgskular, interesseorganisasjonar for ulike profesjonar og verksemder i bransjen (produsentar og underleverandørar) i ideutviklingsfasen.

Ideen om eit inspirasjons- og kompetansesenter blei forankra i ein workshop 20.februar der 30 sentrale personar i bransjen deltok. Konklusjonen var eintydig: Eit slikt senter må etablerast.

Bakgrunnen er at norsk møbelindustri har eit stort behov for kontinuerleg å tilføre kvart ledd i verdikjeda (materialutvikling-FoU-design-produktutvikling-produksjon-logistikk-distribusjon-utstilling/synleggjering-merkevarebygging-marknadsføring-sal-trendanalyse) ny kompetanse. Dette er ei krevjande oppgåve for kvar einskild verksemd åleine. Men viss ein går saman om å etablere eit kompetansemiljø, kan ein hente ut ny kunnskap frå dette miljøet og implementere den i bedriftsvise strategier. Dette vil gi eit løft som ein elles ikkje vil få til.

Eit slikt kompetansesenter vil vere svært viktig for industrien i Sykkylven, men vel så viktig for denne bransjen nasjonalt. Mest interessant er likevel moglegheita for at Norge gjennom eit slikt senter for denne bransjen kan ta ein internasjonal posisjon – for det finst ikkje eit tilsvarande samla kompetansemiljø for møbel nokon stad i verda – det er ein ledig posisjon som Norge kan ta. Og vi kan ta den med truverd: Tre av dei mest lønsame merkevarene i verda innan møbel er norske (Ekornes, HÅG og Stokke).

Inspirasjons- og kompetansesenteret kjem til å samarbeid med Arena Møbel som søker Forskningsrådet om status som Arena-prosjekt mars 2013. Arena Møbel-prosjektet vil ta for seg styrking av heile verdikjeda, og innan det som går på materialutvikling, FoU, design, produktutvikling og produksjon vil senteret i Sykkylven bli den sentrale bidragsyta i Arena-prosjektet. Samstundes vil senteret inngå samarbeid med dei aktørane som skal ha hovudansvar for dei andre delane av verdikjeda, til dømes Norges Handelshøyskole i Bergen innan merkevarebygging.

Inspirasjons- og kompetansesenteret vil bli organisert som eit aksjeselskap der verk-

semdere i bransjen kjem inn på eigarsida.

Gjennom «Design – Create – Live» er målet å etablere ein inkubator for unge designarar som etterhvert kan bli del av sentret. Etableringa vil skje i tett samarbeid med møbelutdanninga ved kunsthøgskulane. I dag har ikkje møbeldesignstudentane tilgang på produksjonsutstyr og prototypeverkstad, noko som er viktig for å utvikle seg som fullgod designar. I Sykkylven har PU Fabrikken bygd opp ein slik frittståande prototypeverkstad. I tillegg har Sykkylven eit sterkt fagmiljø innan alle disiplinar av produktutvikling (design, trebearbeiding, stål/metallkonstruksjonar, skumplast, produksjonsteknisk kompetanse m.m.).

Inkubatoren skal vere ein attraktiv stoppestad for unge designarar etter endt utdanning, der dei kan få opphalde seg i 1-3 år og jobbe saman med kompetansepersonar for å utvikle seg som designar av gode produkt.

Dei skal få eit attraktivt butilbod, tilgang på prototypeverkstad og produksjonsutstyr, gode kontorfasiliteter, eit sosialt og fagleg miljø av bransjefolk og designarar, nettverk i industrien, utstillingsmoglegheiter, etablererveiledning, tilskottsordningar (Innovasjon Norge i Møre og Romsdal er einaste fylke med møbel som satsingsområde) og vi ønskjer å bygge opp ei eigen stipendordning for møbeldesignarar (det finst ikkje i dag). Med andre ord ein 24-timarsinkubator.

Satsinga på «Design – Create – Live» er i høgste grad eit bulyst-prosjekt for Sykkylven, fordi det vil tiltrekke seg naudsynt kompetanse i inkubasjonstida, det vil bli eit attraktivt miljø for dei som allereie har fått fast jobb som designarar i industrien, og dermed gjere det lettare å halde på denne kompetansen, og det vil bli ein god rekrutteringsbase for industrien i Sykkylven og dermed generere fastbuande kompetansepersonar.

Vidareutvikling www.skaparglede.no

Ei vidareutvikling av denne banebrytande nettsida med ei virtuell reise i næringsliv, fritidstilbod og turløyper vil gi ei god og samla oversikt for innbyggjarar og tilflyttarar over kva som genererer bulyst i Sykkylven. Spesielt viktig er dette for dei mange innvandrarane i kommunen, som ikkje alltid er kjent med kva for tilbod ein kan finne i eit lokalsamfunn som Sykkylven.

Identitets- og omdømekartlegging

Det er viktig for oss å gjere ei ny måling på kva sykkylvingane og omverda forbind med Sykkylven. Vi kjem til å nytte same spøreskjema som i nullpunktsmålinga i 2011, slik at vi kan sjå utviklinga som posisjoneringsarbeidet har bidrige til. Kartlegginga vil bli gjennomført i 2014. Dette vil danne eit godt grunnlag for vidare langsiktige strategiar etter dei fem første åra av Prosjekt SKAPAR-GLEDE ved utgangen av 2015.

